



Norconsult AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3720 - 19/469

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.01.2019


Løyve til etablering av VA-anlegg - gbnr 188/116 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 014/19

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar: Norconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av trase for overvatn, vatn og avløp nordvest for «Helsehuet» gbnr. 188/323. traselengde ca 70 m. Tiltak plassert innanfor lilla stipla line i utsnittet under.



Tiltaket er ledd i etablering av infrastruktur i tråd med områdeplan for Knarvik sentrum og E39 ovalrundkøyning.



Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid samt leidningsnett innanfor lilla avgrensing som vist på teikning GH-002, jf. utsnitt over. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.12.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 12.12.18 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i områdeplan for Knarvik sentrum/planid.: 1263-201002 og reguleringsplanen E39 oval rundkøyring/planid.: 1263-201704 er definert som køyreveg. Delar av tiltaket ligg i område o_PRK2 i områdeplanen.

Tiltaket omfattar etablering av leidningstrase for overvatn, vatn, og avløp. Tiltaket vil ligge nedgravd og vil ikkje vere til hinder for verken realisering av areala eller bruk av desse.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre slik merknader frå eigar av gbnr. 188/78 i epost datert 28.11.18:

Blir det sendt ut nytt nabovarsel med ny tegning som vedlegg?

Hvem er tiltakshaver for tiltaket?

Vi bør få en redegjørelse for hvordan dette tiltaket vil påvirke adkomsten til Kvassnesvegen 42.

Det presiseres at Kvassnesvegen 42, uansett hvordan tiltaket avgrenses, ikke har gitt samtykke til noe tiltak eller arbeider på sin grunn.

Ansvarleg søkjar har i epost datert 21.11.18 svart nabo:

Det blir ikke sendt ut nytt nabovarsel, dette fordi de endringer som er gjort ansers som små og påvirker ikke andre utover din eiendom.

Tiltakshaver som er vår oppdragsgiver er Lindås Kommune, i samarbeid med Statens vegvesen.

Vi antar at du med adkomst mener i anleggsperioden, dette er utførende entreprenørers ansvar. Disse entreprenører er ikke valgt, men de vil bli pålagt å opprettholde tilkomst til din eiendom under hele anleggsperioden. Dette vil selvsagt skje i samarbeid med deg som grunneier, og dine leieboere.

Vi har registrert dine merknader til vårt varsel og denne korrespondansen vil følge vår søknad til Lindås kommune.

Vidar har ansvarleg søkjar kommentert nabomerknad ved brev datert 11.12.18. Ansvarleg søkjar opplyser at:

Nabovarsling

Det er sendt rekommandert nabovarsel til berørte naboer den 25.10.2018. Det er kommet en merknad til tiltaket, fra Are Duus Carlsen den 6.10.18. Brev med merknad og tiltakshavers vurderinger kan sees i Vedlegg C2. Merknaden omhandler området for rammesøknaden som blir sendt på et senere tidspunkt, men er valgt å ta med i denne søknaden siden det er samme prosjektet.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 30.11.18, tegningsnr GH-002.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket er ledd i etablering av handterign av overvatn, vatn- og avløpsanlegg i nye Knarvik sentrum.

Anlegget er offentlig.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Tiltaket fører ikkje til auka/endra bruk. Avkøyrsløse og veganlegg er godkjent ved rammeløyve i sak 17/1084 «Helsehuset».

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av leidningstrase. Snitt viser plassering av leidningstrase i høve terreng.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Nabomerknad

Det akutte tiltaket gjeld etablering av trase for overvatn, vatn og avløp nordvest for eiedom gbnr. 188/323 med tilhøyrande naudsynt grunnarbeid.

Tiltaket som er omsøkt og handsama i denne saka rører ikkje direkte ved eiedom gbnr. 188/78.

Det aktuelle tiltaket er ein liten del av gjennomføring og oppgradering av infrastruktur i samband med områdeplan for Knarvik sentrum. Merknaden som er levert inn er knytt til område som det ved seinare høve vert søkt om rammeløyve for, jf. skriv frå ansvarleg søkjar datert 11.12.18.

Nabomerknad vil verte vurdert ved handsaming av rammesøknad. Kopi av dette vedtaket vert sendt til nabo med klagerett.

Plassering

Tiltaket vert godkjent slik som omsøkt

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Det er registrert bestand med Fiskemåke ved Kvasnesstemma.

Ein har vurdert at tiltaket ikkje vil vere til sjenanse for fuglebestand i Kvasnesstemma så langt arbeidet vert utført utanom hekkesesong.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for etablering av trasé for overvatn, vatn og avløp på eigedom gbnr. 188/166. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist på teikningsnr. GH-002 datert 30.11.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Etablering av tiltak kan ikkje gjennomførast i hekkesesong for fuglebestand ved Kvasnesstemma.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/3720

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegnar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegnar gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kvassnesvegen 42 Eiendom AS	v/UNION Eiendomskapital AS Postboks 1715 Vika	0121	OSLO
Lindås kommune	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Lindås kommune	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA

Mottakarar:

Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA
---------------	--------------	------	----------